



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1339 - 19/15546

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
21.05.2019

Løyve til bruksendring av fritidsbustad til redskapshus for landbruk - gbnr 142/9 Kvamme øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 302/19

Tiltakshavar: Arne Magnar Kvamme
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om bruksendring av fritidsbustad til landbruksbygning for lager/reiskapshus. Bygget har eit bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 90 m² og bygd areal (BYA) ca. 45 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 11,59 % BYA. Eigedomen skal samanføyast med hovudbruket på gbnr 142/3, i sak 18/3621.

Saka er eit ledd i frådelling av ny eigedom for bustad. Dispensasjon i frå LNF-føremålet i den saka vart handsama i politisk utval i sak 18/1348. Det var der gjeve løyve på vilkår av at fritidsbustad på bnr. 9 vart bruksendra til driftsbygning i landbruket og bnr. 9 vart tilbakeført til bnr. 3. Dette vert sett som vilkår i dette løyvet.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.05.2019 og supplert 14.05.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF. Omsøkte bygg er registrert som fritidsbustad, og er nå søkt bruksendra til landbruksbygning for lager/reiskapshus. Ny bruk er vurdert å vere i samsvar med planføremålet LNF.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Nabovarsle ligg på sak 19/1220. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.04.2019 på sak 19/1220.

Vatn og avløp (VA)

Det er ikkje søkt om vatn- og avlaupshandtering for driftsbygninga.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen skal tilbakeførast til hovudbruket og det er ikkje trong for avkøyrsløse frå bnr. 9. Parkering og tilkomst vert løyst for garden ved bruk av privat veg fram til offentleg veg.

Teikningar

Det er sendt inn planteikningar som syner ny planløyising for lagerbygget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønner har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for bruksendring av fritidsbustad til landbruksbygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast med den planløyising som innsendt til kommunen den 14.05.2019
2. Før det vert gjeve løyve til frådelling av ny bustadeigedom må det ligg føre ferdigattest for bruksendring til landbruksbygg

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1339

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------|---------------|------|-----------|
| Arne Magnar Kvamme | Kvamsvegen 17 | 5911 | ALVERSUND |
| Reidun Kvamme | Kvamsvegen 17 | 5911 | ALVERSUND |
| Villanger & Sønner AS | KNARVIK | 5914 | ISDALSTØ |